

Høyringsvar – Vedrørende utredningsprogram for elektrifisering av Snorre A

1. Innleiing

Vi viser til Equinor sine planer om elektrifisering av Snorre A-plattformen i Tampen-området med straum frå Bremanger, og dei foreslåtte tre trasealternativa med to ulike koplingspunkt frå linje på land og sjø. Vi ynskjer med dette å gi våre vurderingar og innspel til det føreslåtte utredningsprogrammet.

2. Hovudbodskap

Vår vurdering er at dei føreslåtte trasealternativa ikkje er eigna. Det er sentralt at ei eventuell elektrifisering av Snorre A gjennomførast utan å vere pressa fram av pålagte fristar og kostnadsrammer. For at prosjektet skal vere i tråd med både miljømessige og samfunnsøkonomiske interesser, bør Equinor ASA nytte ei løysing med utgangspunkt i ei framtidig transmisjonsnett-stasjon på Grov – ein løysing som vil gagne heile regionen og sikre betre, framtidsretta samfunnsutvikling.

3. Miljø- og samfunnspåverknad

Dei tre trasealternativa som no er føreslåtte, vil medføre store inngrep i naturområda. Særleg vil desse alternativa:

- Forringe naturkvalitetar og svekke urørte naturområde.
- Gi auka belastning for både naturen og befolkninga i dei berørte områda, med negativ påverknad på friluftsliv, jakt, sanking og andre rekreasjonsaktivitetar.
- Skape risiko for helsemessige ulemper grunna potensielt skadelige elektromagnetiske felt, noko som er dokumentert som eit omdiskutert tema i samband med høgspenlinjeprosjekt.

Vidare understrekar vi at dersom ein likevel skulle velje å gjennomføre elektrifisering med utgangspunkt i Bremanger, må det utarbeidast eit alternativt traseforslag. Her bør det leggjast til rette for at straumen også kan nyttast for dei delane av kommunen som i dag har avgrensa moglegheiter for tilknytning til straumnett i denne størrelsesorden – for eksempel gjennom å føre straumen via industriområdet i Smørhamn.

Det at det skal kartleggast og tydeleggjerast sammenhengende naturområder med urørt preg (SNUP) legg lista for høgt. Det går fram av forslaget til utredningsprogrammet at om lag ingen av influensområda har urørt preg. Like fult har desse områda høg verdi for menneska som bur, nyttar og ferdast i området, samt for naturen sin eigenverdi. Utredinga må derfor tydeleg kartlegge og tyddeleggjere påverkinga den har på alle naturområder anten dei er urørt, noko prega eller høgt prega av inngrep.

4. Anbefalingar

På bakgrunn av overnemnde vurderingar, anbefaler vi følgande:

- **Val av Grov som utgangspunkt:** Equinor ASA bør prioritere å gå saman med Statnett og byggje ny transmisjonsnett-stasjon på Grov som tilknytningspunkt for elektrifiseringa av Snorre A. Dette alternativet vil ikkje berre redusere dei negative miljøkonsekvensane, men også styrke den regionale samfunnsutviklinga på lang sikt.
- **Dialog med relevante aktørar:** Det er vesentleg at Equinor ASA går i tett dialog med Statnett og andre relevante aktørar, herunder Kinn og Bremanger kommune, FNF Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane, Den norske turistforening, Naturvernforbundet og Miljøvernforbundet. Slik dialog vil kunne sikre at løysinga som til slutt veljast, tar omsyn til både naturverdiane og befolkninga i regionen.
- **Unngå ein pressa tidsplan og kostnadsrammer:** For å sikre eit grundig og framtidsretta prosjekt, må prosjektet ikkje gjennomførast med pressa fristar og pålagte kostnadsrammer som kan gå ut over ei fagmessig vurdering av miljøkonsekvensane.

5. Konklusjon

Vi oppfordrar Equinor ASA til å revurdere dei føreslåtte trasealternativa og heller fokusere på eit løsningsforslag med Grov som utgangspunkt for elektrifiseringa. Ein slik tilnærming vil kunne ivareta både miljømessige, helsemessige og samfunnsøkonomiske interesser i heile regionen. Ved å sikre ei grundig dialog med Statnett, kommunane og relevante miljø- og friluftsansjonar, kan ein legge til rette for eit prosjekt som både reduserer utslepp og bevarer våre felles naturverdier.

Bjørn Dyregrov Haukeland

Silje Kristin Furesund Dyrstad

G/brnr 36/2 Dyrstad, Bremanger.